



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 18.03.2014

Sak nr.: 14/2112-2

Internt l.nr.: 9204/14

Sak: 16/14

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 18.03.14**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:

1. Status finansiell revisjon

Kontrollsjef orienterte om status etter samtale med revisor, der det mellom anna kom fram at rekneskapen var avlagt til rett tid. Orienteringa vart teken til vitande.

2. Status forvaltningsrevisjon
 - a. Status FR-Samhandling v/Deloitte

Prosjektet er i rute, og orienteringa vart teken til vitande

- b. Informasjon om status FR – Individuelt tilpassa opplæring v/Kontrollsjef

Kontrollsjef orienterte om framdrifta av oppfølginga av prosjektet, som er litt forseinka, men som vil bli gjennomført i løpet av 2014. Orienteringa vart teken til vitande.

3. Informasjon frå NKRF
 - a. E-info 2/14
 - b. Informasjon frå SK-komiteen

Informasjonen vart teken til vitande.

4. Brev frå fylkeskommunen til Skatt Vest

Brev med klage på vedtak om etterrekning av meirverdiavgift etter avgrensa kontroll av kompensasjonsoppgåva for juli – august 2013 vart teken til orientering.

5. Informasjon om generalforsamling i Kommunekraft

Informasjonen vart teken til orientering.

6. Fellesmøte med dei fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet

Medlemmane i utvalet deltek på dette fellesmøtet.

7. FKT-konferansen 2014

Program for konferansen vart teken til orientering.

8. Orientering frå leiar og kontrollsjef

Leiar i utvalet tok opp i møtet statssekretær Jardar Jensen si orientering om «ny utredning om kontrollutvalg» Kontrollutvalet påpeikar viktigheita av at kontrollutvalsmedlemmer og sekretariat vert vesentlege bidragsytarar i ei slik undersøking som departementet legg opp til.